



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Heinz Diehl	FE - 230, FA - G10	18/511

Saksnr	Utval	Type	Dato
112/18	Formannskapet	PS	26.11.2018
081/18	Kommunestyret	PS	13.12.2018

Justering av satsar for matombringning 2019

Kommunebudsjett 2019

Saksutgreiing:

Bakgrunn

Tenesta er ikkje lovpålagt, men vurderast ut frå søkjarens behov for helse- og omsorgstenester etter lov om helse- og omsorgstjenester i kommunen § 3-1 og § 3-2. Føremål med tenesta er å gi eldre, funksjonshemma og andre utsette grupper tilgang til varm og næringsrik mat som eit førebyggjande helsetiltak. Maten blir laga på institusjonskjøkken ved Fedje sjukeheim og direkte tilkøyrd til heimen til brukarane. Ein kan tinga middag alle vekedagar og på heilag dagar, utanom laurdagar.

Vurdering

Både årleg lønsutvikling og ein auke i konsumprisindeks påverkar kostnadene for innkjøp av råvarene, matlaging og levering. Pr i dag kostar eit måltid inkludert heimkøyring kr 92.

Folkehelse

Statistisk sett lever vi lenger og er friskare jo lenger utdanning og høgare inntekt vi har. Sosial ulikhet i helse dannar såleis mønster av ein gradient gjennom heile folkesetnaden. Ein auke i satsen for matombringning vil difor belasta lavinntektshushald forholdsvis sterkare enn hushald med høgare inntekt. For å påverka helsegradienten og såleis å fremja folkehelsa ville det vore naudsynt med graderte betalingsatsar, slik at lavinntektshushald betaler forholdsvis mindre enn hushald med høgare inntekt.

Miljø

Ein justering av satsen for matombringning kjem ikkje til å påverka miljøet.

Økonomi

Satsen føreslåast oppjustert i tråd med framtidig prisauke og lønsvekst.

Konklusjon



Fedje kommune

Det føreslåast ein auke frå 92 kr til 94 kr pr måltid.

Forslag til vedtak:

Satsen for matombringning vert oppjustert frå 92 kr til 94 kr pr måltid med verknad frå 01.01.2019.

Formannskapet - 112/18

F - behandling:

F - vedtak:

Satsen for matombringning vert oppjustert frå 92 kr til 94 kr pr måltid med verknad frå 01.01.2019.

Samrøystes vedteke.